

Nordhordland Utviklingsselskap IKS
Postboks 13
5902 Isdalstø

Knarvik, 16.oktober 2014

Søknad om driftsmidler for 2015 på kr 200 000 (kfr vedlagte budsjett)

Nordhordlandspakken AS har gjennom året 2014 brukt mykje ressursar på å slutføra bompengesøknaden for ein Nordhordlandspakke del 1, med ei ramme på 1,3 Mrd. Hordaland Fylkeskommune får gjennom pakken finansiert og bygd viktige kollektivprosjekt, samt fylkesvegprosjekt i Nordhordland.

Det er ein klar føresetnad at tunnel mellom Knarvik-Isdal (FV57) og Nyborgtunnelen (E39) vert fasa inn gjennom seinare revisjonar av bompengesøknaden. Kommunane i Nordhordland har no gjort positive vedtak til pakken - nokre kommunar med tilleggspunkt.

Det er eit mål å få endeleg fylkeskommunal handsaming av pakken i fylkestinget sitt møte i desember. Vi vil vidare arbeide for at Stortinget handsamar pakken i 2015 – aller helst i vårsesjonen.

Det har i åra 2013 og 2014 vore arbeidd intensivt for å kunne få til eit samlande vedtak i dei ulike kommunane i regionen. Det har vore jobba mykje med innhaldet i pakken, og det er laga tilleggskommunikasjon utover bompengesøknaden. I tillegg har styreleiar og konsulent etter førespurnad reist mykje rundt til kommunestyra i kommunane og kommunale partilag.

Selskapet har hatt høgare kostnader enn inntekter, og har difor opparbeidd seg eit udekkta tap. Rekneskapen for 2013 syner ein negativ eigenkapital på 125 000 kr, og eigenkapitalen er difor tapt. Rekneskapen for 2014 er forventa gjort opp med eit positivt resultat på kr 50 000, og noko av det tapte vert dermed dekkta inn.

Av di selskapet ikkje har eigne driftsinntekter er vi avhengig av tilskott frå eigarane, og vi syner her til tidlegare års praksis og vedlagte budsjett for 2015, vedteke av styret på møtet 30.september 2014. Budsjett for 2015 legg opp til at eigenkapitalen igjen skal verta positiv.

Søknadssummen vert fordelt slik:

- **Hordaland fylkeskommune kr 200 000 (40 % eigardel)**
- **Nordhordland Utviklingsselskap IKS kr 200 000 (40 % eigardel)**
- **Bergen kommune kr 100 000 (20 % eigardel)**

Selskapet sine største driftskostnader er kjøp av konsulenttenester, styrehonorar/dagleg leing og rekneskapstenester/revisjon. Det er heile tida eit mål for styret å ha ei så nøktern drift som mogeleg, og selskapet er frå årsskiftet 2012/13 ikkje lenger skattepliktig.

Vi håpar at pakken går gjennom i Stortinget til våren, og då vil dette vera siste året vi søker om driftstilskot.

Med dette søker vi om ei løyving på kr 200 000 og vonar på ei positiv tilbakemelding.

Ta gjerne kontakt for utfyllande informasjon.

Med venleg helsing

For styret



Pål Kårbø

-styreleiar Nordhordlandspakken AS-

Driftsbudsjett for Nordhordlandspakken AS for 2015

| | Budsjett 2014 | Prognose 2014 | Budsjett 2015 |
|---|------------------|------------------|------------------|
| Aksjekapital | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Annan EK pr 1/1 | -225 000 | -225 000 | -175 000 |
| Netto EK pr 1/1 | -125 000 | -125 000 | -75 000 |
| | | | |
| Inntekter: | 2014 | 2014 | 2015 |
| Tilskott frå Regionrådet i Nordhordland | 250 000 | 250 000 | 200 000 |
| Tilskott frå Hordaland Fylkeskommune | 250 000 | 250 000 | 200 000 |
| Tilskott frå Bergen kommune | 125 000 | 125 000 | 100 000 |
| Sum inntekter | 625 000 | 625 000 | 500 000 |
| | | | |
| Kostnader : | | | |
| Kjøp av konsulenttenester/adm. tenester | 270 000 | 340 000 | 180 000 |
| Lønn/styrehonorar | 225 000 | 200 000 | 200 000 |
| Regnskapshonorar/økonomi | 20 000 | 20 000 | 20 000 |
| Revisjon | 10 000 | 14 000 | 15 000 |
| Marknadsføring/brosjyre | 50 000 | 0 | 0 |
| Bank- kortgebyr | 1 000 | 1 000 | 1 000 |
| Sum kostnader | 576 000 | 575 000 | 416 000 |
| | | | |
| Resultat | 49 000 | 50 000 | 84 000 |
| | | | |
| Ny EK pr 31/12 | | | |
| Aksjekapital | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Annan EK pr 1/1 | -176 000 | -175 000 | -91 000 |
| Sum EK pr 31/12 | -76 000 | -75 000 | 9 000 |

Vedteke i styremøte 30. september 2014